



## SANDE KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet  
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 05.12.2018  
Tid: 13.00 – 15.40

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	Sp. Frå sak 45, 46, 48 og 49
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	V
Asbjørn Støylen	Medlem	Tvp

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	H
Gro Brandal	Medlem	Ap

Varamedlemmar som møtte:

Namn	
Torbjørn Rekdal sen.	Frp

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. Ikkje i sak 41

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Elin Rekdal Skogstad	I sak 47

## **SAKLISTE**

- SAK 42/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- SAK 43/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 44/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTKOLLAR 2018
- SAK 45/18 MELDINGAR
- SAK 46/18 OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK LARSNES SKULE
- SAK 47/18 ORIENTERING OM GDPR
- SAK 48/18 ØKONOMIRAPPORTERING 3. KV. 2018
- SAK 49/18 UNDDERSKRIFT MØTEPROTKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/18	033	29.10.2018	05.12.2018	IBM

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent, med at sak 47 vert teken etter sak 42.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/18	049	29.10.2018	05.12.2018	IBM

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.09.2018 med slik korrigering av sak 34/18 pkt. 1.

Kontrollutvalet vil peike på at det er viktig at når dei kommunale råda uttalar seg om enkeltsaker, så skal deira uttalar følgje saka heile vegen til behandling i kommunestyret.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 24.09.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/18	033&58	29.10.2018	05.12.2018	IBM

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar bortsett frå:

Råd for likestilling og funksjonshemma sitt møte 12.11 som vi må ta igjen på neste møte, då protokollen mangla på nettet.

Eldrerådet 08.10 var ikkje vedtaksfør og sakene burde vore teke opp igjen på neste møte.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Kommunestyret	30.10			
Formannskapet	02.10	17.10	06.11	27.11
Helse- og oppvekstutvalet	03.10	14.11		
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	14.11			
Råd for likestilling og funksjonshemma	04.10	12.11		
Eldrerådet	08.10	12.11		
Ungdomsrådet	03.10			
Administrasjonsutvalet				
Arbeidsmiljøutvalet				
Valstyret				
SSR IKS – styret				Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet				Sendt til leiar

Olav Myklebust kom til møtet rett etter opning av sak 44 og overtok leiinga av møtet frå sak 45.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/18	033&17	29.10.2018	04.12.2018	IBM

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet vil presisere at det er rådmannen jf. Vedtektene, som evt. skal peike ut styrerepresentant SSIKT og ikkje formannskapet. Dei kan heller ikkje utpeike vara, jf advokatuttale. Viser til formannskapssak 87/17 når det gjeld val av styremedlem og varamedlem som då er ugyldig.

### Vedlegg

1. Notat frå advokat Kjetil Kvammen vedkomande SSIKT
2. Kommunerevisoren nr 5-2018: Selskapskontroll

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/18	033	29.10.2018	05.12.2018	IBM

## OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK LARSNES SKULE

### Samrøystes vedtak

Saka vert utsett til neste møte og ein ber rådmannen kome med uttale. Etter endeleg behandling vert saka sendt kommunestyret.

### Vedlegg

Oppsummering av orienteringsbesøk på Larsnes skule 24.09.2018.

### Saksopplysning

Kontrollutvalet hadde etter ordinært kontrollutvalsmøte 24.09.2018 orienteringsbesøk ved Larsnes skule.

Ein viser til oppsummeringa frå orienteringsbesøket som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/18	047	27.11.2018	05.12.2018	JS

## ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den skriftlege orienteringa til vitende.

### Vedlegg

1. Personvernombodets oppgåver
2. Personvernerklæring Sande kommune
3. Personvernhandbok for kommunane på Søre Sunnmøre

### Saksopplysning

EU har sett i verk ei personopplysningsforordning GDPR (General Data Protection Regulation). Noreg er forplikta til GDPR gjennom EØS avtalen. Denne forordninga er implementert i ny personopplysningslov. Hensikta med reglane er å styrke personvernet, meir openheit rundt innsamling av personopplysningar og at bruk av opplysningane skal grunnrivast og avgrensast.

Alle offentlege verksemder må ha personvernombod for å sikre at reglane vert følgt. Personvernombodet må ha fagleg kunnskap til reglane og kunnskap om personvernrett.

### Opgåver til eit personvernombod:

Personvernombodet si hovudoppgåve er å informere og gi råd om de forpliktingar verksemda har etter personvernlovgivinga til den behandlingsansvarlige eller databehandlaren, samt til dei tilsette som utfører behandling av personopplysningar. Andre oppgaver til personvernombudet (sjå under og i vedlegget):

- Kontrollere overholdelsen av personvernregelverket
- Gi råd om vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA)
- Samarbeid med Datatilsynet og funksjon som kontaktpunkt
- Prioritert innsats der personvernrisikoen er høyest
- Bidra til å få oversikt over behandlingene i virksomheten

Personvernombodet i Sande er Reidun Auflem Vik.

### Personvernerklæring

Personvernerklæringa fortel korleis kommunen samlar inn, vernar og brukar opplysningar om personar (personopplysningar).

Målet er å gi den enkelte overordna informasjon om kommunen si behandling av personopplysningar.

Kommunen si personvernerklæring ligg ved saka.

Tanken er at rådmannen skal orientere, men han har problem denne dagen – så vi får sjå om han får det til.

### **I møtet**

Stabssjef økonomi- og administrasjonsavdelinga Elin Rekdal Skogstad orienterte og svara på spørsmål.

- Databehandlaravtalar er problematisk. Her jobbar ein felles i Sjustjerna.
- Lite og ikkje hjelp å få frå KS
- Viser elles til Power Point som vert melding på neste møte

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>48/18</b>	212	27.11.2018	05.12.2018	JS

### **ØKONOMIRAPPORTERING 3. KV. 2018**

#### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek økonomirapportering 3. kv. 2018 – estimat 2018 til vitende.

#### **Vedlegg**

Kommunestyresak PS 49/2018 av 30.10.2018

#### **Saksopplysning**

Kommunestyret i PS 49/18:

«ØKONOMIRAPPORTERING 3.KV. 2018 - ESTIMAT 2018

Handsaming i Kommunestyret :

Konst. rådmann Oddbjørn Indregård orienterte.

Samr. som tilrådinga.

**VEDTAK:**

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 3.kvartal 2018 og estimat 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer»

Ein viser elles til saksutgreiinga frå rådmannen.

<b>Saknr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
49/18	033	29.10.2018	05.12.2018	IBM

## UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøstes til vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med nestleiaren vert vald Asbjørn Støylen.

**Møtet slutt.**

LINDA SOLVEIG DYRHOL  
Leiar

ASBJØRN STØYLEN  
Medlem

**Utskrift til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordfører – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.